



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Pawel Sniecikowski, 51 56 87 47

Fordeling av skjønnsramma for 2026 - Rogaland

Skjønnsramma som er tildelt kommunane i Rogaland for 2026 er på 57,8 millionar kroner. Av desse har vi i Statsforvaltaren i Rogaland fordelt 34 millionar kroner til ordinært skjønnsstilskot til 19 kommunar. I brevet viser vi korleis tilskotet er fordelt mellom kommunane, og grunngjevinga vår for tildelinga.

Overordna rammer for tildelinga

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar etter skjønn. Skjønnsstilskotet skal kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling i kommunesektoren.

Stortinget ga ved behandling av kommuneproposisjonen for 2026 KDD fullmakt til å fordele 1 030 millionar kroner i skjønnsmidlar. Basisramma for kommunane er satt til 830 millionar kroner, der 57,8 millionar kroner gjekk til kommunane i Rogaland.¹

Hovudfordelinga av skjønnsstilskot skjer i samband med statsbudsjettet. KDD gir føringar for fordeling, bruk og rapportering av skjønnsstilskot.

Om tildelinga

Statsforvaltaren fordeler ordinære skjønnsstilskot etter ei heilskapleg vurdering av økonomi og behov i kommunane. Utgiftskrevjande forhold som ikkje er dekt av andre inntekter, og som kommunane ikkje kan påverke sjølve, er med i denne vurderinga. Vi har gjort ei vurdering av det økonomiske handlingsrommet til kommunane, ved hjelp av Kommunebildet og KS si analyse på området.² Vår tildeling av skjønnsstilskotet er i tråd med retningslinjene frå departementet.

¹ Sjå tabell 1-k for den kommunevise fordelinga lagt fram av KDD, [Grønt hefte - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).

² [Svake driftsresultater og høy lånegjeld presser kommunenes handlingsrom - Hjem](#). KS definerer kommunar med avgrensa økonomisk handlingsrom som «raude», kommunar med moderat økonomisk handlingsrom som «gule», og kommunar med større økonomisk handlingsrom som «grøne».



Tildelinga skal skje i dialog med kommunane. 19 av 23 kommunar har søkt om ordinært skjønnstilskot, og i søknaden grunngjeve ekstra utgifter og behov. Skjønnstilskot for 2026 er berre tildelt dei kommunane som har søkt innan ei gitt frist.

Den kommunevise fordelinga

Vi har fordelt 34 millionar kroner i ordinært skjønnstilskot til 19 kommunar etter tabell 1 nedanfor.

Ti prosent av skjønnsramma, 5,8 millionar kroner, er sett av til restskjønn, og dei resterande 18 millionar kronene går til utvikling og innovasjon (prosjektskjønn).

Tabell 1. Kommunevis fordeling av ordinært skjønnstilskot for 2026

kommunenr	kommunenavn	tilskot i heile kroner
1101	Eigersund	2 000 000
1103	Stavanger	3 000 000
1106	Haugesund	3 695 000
1108	Sandnes	780 000
1111	Sokndal	1 000 000
1112	Lund	700 000
1114	Bjerkreim	-
1119	Hå	-
1120	Klepp	1 100 000
1121	Time	2 535 000
1122	Gjesdal	2 230 000
1124	Sola	-
1127	Randaberg	3 935 000
1130	Strand	4 355 000
1133	Hjelmeland	1 600 000
1134	Suldal	-
1135	Sauda	600 000
1144	Kvitsøy	400 000
1145	Bokn	560 000
1146	Tysvær	1 600 000
1149	Karmøy	2 950 000
1151	Utsira	-
1160	Vindafjord	960 000
SUM ordinært skjønnstilskot		34 000 000
Til utvikling og innovasjon		18 000 000
Til restskjønn		5 800 000
SUM		57 800 000

Vår vurdering

For 2024 har talet på kommunar med avgrensa økonomisk handlingsrom i KS sin analyse auka frå ein til fire, samanlikna med 2023. Vi har valt å prioritere desse kommunane noko ekstra.



Nytt i år er at vi har peika på at ekstra utgifter til samfunnstryggleik og beredskap kan vere eit grunnlag for kommunen å søkje om ordinært skjønstilskot. Andre kommunevise forhold er òg nemnt nedanfor.

Språkdeling

Vi har valt å fordele tilskot til alle kommunar som har meldt frå om ekstraklasser, då dette er ein ufrivillig ekstra kostnad for kommunen. For kommunar med avgrensa og moderat økonomisk handlingsrom har vi fordelt med utgangspunkt i eit litt høgare beløp per ekstraklasse enn for kommunane med større økonomisk handlingsrom. Vi bestemmer tildelinga til språkdeling ut frå talet på ekstraklasser og økonomiske handlingsrom i den aktuelle kommunen. Er kommunen ein «raud» kommune, har kommunen fått 170 000 kroner per ekstra klasse. Er kommunen ein «gul» kommune, har kommunen fått 130 000 kroner per ekstra klasse, og 100 000 kroner per ekstra klasse dersom kommunen er ein «grøn» kommune. Fleire kommunar har søkt ordinære skjønstilskot på grunn av språkdeling.

Bakgrunn for den kommunevise tildelinga

- **Eigersund kommune** får eit årleg tilskot som følgje av ein eldre avtale om kompensasjon for den interkommunale verksemda Uninor/Dalane Produkter AS, der kommunen ikkje sender refusjonskrav til dei andre Dalane-kommunane.
- **Stavanger kommune** får tilskot grunna kostnader til legevaktsbåt, ei ordning i samarbeid med Hjelmeland og Kvitsøy kommune. Stavanger kommune dekkjer 60 prosent av kostnadene.
- **Haugesund kommune** har ekstra utfordringar knytt til rus og psykisk helse. Haugesund har avgrensa økonomisk handlingsrom og er i 2024 ein «raud» kommune i KS si vurdering. Kommunen får ekstra tilskot grunna desse forholda.
- **Sandnes kommune** får tilskot til språkdeling, seks ekstra klasser.
- **Sokndal kommune** får tilskot til flaumsikring.
- **Lund kommune** får tilskot til særlege utfordringar knytt til barnevernet og til IKT-beredskap.
- **Klepp kommune** får tilskot til språkdeling, 11 ekstra klasser.
- **Time kommune** har høge kostnader til ressurskrevjande tenester, og til språkdeling, fire ekstra klasser. Time har avgrensa økonomisk handlingsrom og er i 2024 ein «raud» kommune i KS si vurdering. Kommunen får ekstra tilskot grunna desse forholda.
- **Gjesdal kommune** får tilskot til språkdeling, tre ekstra klasser, og for høge kostnader til ressurskrevjande tenester.
- **Randaberg kommune** har høge kostnader til ressurskrevjande tenester. Randaberg har avgrensa økonomisk handlingsrom og er i 2024 ein «raud» kommune i KS si vurdering. Kommunen får ekstra tilskot på grunn av dette.
- **Strand kommune** har avgrensa økonomisk handlingsrom og er i 2024 ein «raud» kommune i KS si vurdering. Kommunen har òg store utfordringar knytt til rus og psykisk helse. I tillegg har dei ein høg del elevar i friskular, noko som gir konsekvensar i trekk- og kompensasjonsordninga for



omfordeling basert på elevar i private skular. Kommunen har òg seks ekstra klasser grunna språkdeling. Kommunen får tilskot på grunn av desse forholda.

- **Hjelmeland kommune** får tilskot til legevaktsbåt som dei har saman med Stavanger og Kvitsøy kommune. Kommunen dekkjer 32 prosent av kostnadene.
- **Sauda kommune** får tilskot til språkdeling, to ekstra klasser, og som følgje av ekstra utfordringar knytt til rus og psykisk helse.
- **Kvitsøy kommune** får tilskot grunna legevaktsbåt som dei har saman med Stavanger og Hjelmeland kommune. Kommunen dekkjer 8 prosent av kostnadene.
- **Bokn kommune** får tilskot fordi kommunen opplever særleg stor innverknad på økonomien som følgje av ressurskrevjande brukarar over 67 år.
- **Tysvær kommune** får tilskot til språkdeling, 16 ekstra klasser.
- **Karmøy kommune** får tilskot til språkdeling, seks ekstra klasser. I tillegg har kommunen høge kostnader til ressurskrevjande tenester og større utfordringar knytt til rus og psykisk helse.
- **Vindafjord kommune** får tilskot som følgje av høge kostnader til ressurskrevjande tenester.

Fordeling av prosjektskjønn og restskjønn for 2026

I tillegg til ordinært skjønnsstilskot er det er sett av 23,8 millionar kroner til fordeling gjennom prosjekt- og restskjønn. Dette består av 18 millionar kroner til utviklings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og 5,8 millionar kroner som er heldt tilbake til uventa hendingar (restskjønn).

Med helsing

Monica Nessa (e.f.)
avdelingsdirektør

Pawel Snieciowski
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland



Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen